Møre og Romsdal fylkeskommune

# Informasjon om samarbeidsavtale mellom kommunalt tenesteområde med ansvar for personar med utviklingshemming og Den offentlege tannhelsetenesta.

Den offentlege tannhelsetenesta skal gjennom lov om tannhelsetenesta gi tannhelsetilbod til prioriterte grupper i befolkninga. Tilbodet gjeld mellom anna alle barn og unge mellom 0-18 år, og personar med utviklingshemming over 18 år. Fylkeskommunen ønsker å sikre eit godt tannhelsetilbod til dei prioriterte gruppene, og er avhengig av eit godt og forpliktande samarbeid mellom tannhelsetenesta og kommunale tenester.

Vårt mål er å fremme god helse ved å førebygge tannsjukdomar og å gi nødvendig tannhelsehjelp. For å kunne kvalitetssikre dette tilbodet, er det viktig å få etablert gode samarbeidsformer mellom tenesta som har ansvar for personar med utviklingshemming og tannhelsetenesta. Sjølv om brukarane har gratis tannhelsetilbod, er det ikkje tidlegare gjort formelle samarbeidsavtaler mellom kommunale tenester og tannhelsetenesta der ansvar og oppgåver er tydeleg fordelt og definert.

Fylkestinget i Møre og Romsdal vedtok i 2013 ein ny regional delplan for tannhelse som mellom anna tek for seg desse utfordringane og behovet for ei endå meir målretta samhandling med kommunane i det førebyggande og helsefremjande arbeidet.

I Helse og omsorgstenestelova kap.7 om individuell plan, står det at kommunen skal utarbeide ein individuell plan for pasientar og brukarar med behov for langvarige og koordinerte tenester. Vidare står det at kommunen skal samarbeide med andre tenesteytarar om planen for å bidra til eit heilskapleg tilbod for den enkelte.

Tannhelsetenestelova seier at fylkeskommunen skal bidra til god folkehelse ved å arbeide for at befolkninga har kunnskap, ferdigheiter og haldningar som set dei i stand til å oppretthalde god tannhelse heile livet.

Eit godt tilbod er avhengig av eit nært og forpliktande samarbeid mellom fylkeskommunale og kommunale tenester. Samarbeidet kan best sikrast gjennom skriftlege avtaler mellom partane der ansvar og oppgåver er tydeleg fordelt og definert.

I samband med dette, og for å kunne ivareta sentrale føringar og lovkrav, har ei arbeidsgruppe med representantar frå tannhelsetenesta og ein tilsett i omsorgstenesta i Molde kommune, utarbeidd ei samarbeidsavtale som sikrar personar med utviklinghemming eit godt tannhelsetilbod.

## Lover og nasjonale føringar som styrer arbeidet

- Lov om tannhelsetjenesten (1983)
- Lov om helse- og omsorgstjenester (2012)
- Lov om pasient- og brukerrettigheter (1999)
- Rundskriv IS-8/2015, Pasient- og brukarrettighetsloven med kommentarer
- Lov om helsepersonell (1999)
- Lov om folkehelsearbeid (2012)
- Veilederen «Tenner for livet» IS-2659
- Veileder «God klinisk praksis i tannhelsetjenesten» IS-1589
- Veilederen «Kvalitet i pleie og omsorgstjenestene» IS–1201
- Forskrift om kvalitet i pleie og omsorgstjenesten (F27.06.2003 nr 792)
- Forskrift om individuell plan (F23.12.2004 nr 1837)
- St.meld. nr.35 (2006-2007) Tilgjengelighet, kompetanse og sosial utjevning, Framtidas tannhelsetjenester
- St.meld. nr 34 (2012-2013) Folkehelsemeldingen
- St.meld. nr 10 (2012–2013) God kvalitet-trygge tjenester-kvalitet og pasientsikkerhet i helse og omsorgstjenesten
- Regional delplan tannhelse for Møre og Romsdal fylkeskommune (15.10.2013)